



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB

Stølen 7

5911 ALVERSUND

Direkte	Telefòn	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

Manger skule ✓ *Radøy kommune*
 Inger Morken Ellingsen *Eigendoms avd.*
 Mangernesvegen 21
 5936 Manger

KOPI

Dykkar ref:

Vår ref:

2016\40

Saksbehandlar:

Ann-Therese Strønen

11.11.2016

Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 09.11.2016 i Manger skule .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannførebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

For verksemd/bruker: Rektor Inger Morken Ellingsen

For brannvesenet: Ann-Therese Strønen

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vert utført

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av internkontrollrutinar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet, samt intervju for å verifisere at krava er oppfylt.



Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart utført: 21.10.2015.

Det vart sett på rutinane ved skulen, og ikkje avdekka avvik under dette tilsynet.

Generelt

Rektor har gode rutinar for brannvernarbeid på skulen.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Rømmingsvegar er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging §§ 5 og 10

Kommentarar:

Det er skilta rømmingsveg igjennom vaktmeisterkontor. Denne rømmingsvegen er ikkje tilgjengeleg utan bruk av nøkkel og er heller ikkje tilfredsstillande ryddig. Rektor fortel at det er satt inn to rømmingsvindauge i etasjen under; eit i klasserommet og eit i sløydrømmet. Desse er ikkje merka som rømmingsvegar med lys/skilt eller på rømmingsplan. Musikkrommet har òg fått rømmingsvindauge som alternativ rømmingsveg. Denne er heller ikkje merka eller vist på rømmingsplan. Det bør gjerast ein risikovurdering av rømmingsforholda. Rektor må syta for at skulebygget vert nytta i samsvar med krava til brannsikkerheit.

Merknader

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Merknad 1

Kjøleskåp i gang sperrer for lukking av dør.

Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigheit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

Attendemelding

Med tilvising til forskrift om brannførebygging jf. § 18 og retting for myndigheitsutøving ved tilsyn utført av brann- og feiarvesen, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med



framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta. Framdriftsplan skal sendast innan 31.01.2017 til:

**NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ**

Neste tilsyn vert gjennomført i 2017.

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling**

NGIB

Brannsjef

i

Radøy kommune

Ann-Therese Strønen
Branningeniør

Stein Ove Valdersnes

Kopi: Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 Manger



NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Rådhuset
5914 ISDALSTØ
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no

Manger skule

v/Inger Morken Ellingsen

5936 Manger

TILSYNSRAPPORT

Manger skule

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggjandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt Manger skule	Type objekt A	Objekt id 54	Gnr/bnr 45/1
Adresse Grønåltegen 1	Postnummer 5936	Stad Manger	
Eigar Radøy kommune v/eigedomsavdelinga	Førre tilsyn 23.10.2014	Dato gjennomført tilsyn 21.10.2015	

Før objektet/verksemda møte:
Brannvernleiar: Inger Morken Ellingsen

Frå tilsynsmyndigheit møte:
Branninspektør: Ann-Therese Strønen

Innleiing

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.



NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Rådhuset
5914 ISDALSTØ
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no

Tilsynet vart gjennomført som eit tematilsyn på det organisatoriske arbeidet på skulen.

Vurdering og merknader til tryggleiken ved Manger skule:

Det vart ikkje funne avvik på Manger skule under tilsynet.

Skulen har gode rutinar for ryddigheit og orden i skulen.

Det vert gjennomført brannøvingar etter oppsett plan. Rektor arbeidar med få alle tilsette og vikarar til å signera etter haustens brannvernsrunde. Evakueringsøving vert gjennomført 2 gonger årlig med elevar og tilsette.

KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

Neste tilsyn vert gjennomført i 2016

Med førebyggjande helsing

Brannsjef

i

Radøy kommune

Stein Ove Valdersnes

Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling

NGIB

Ann-Therese Strønen